



Kolset Tidende

Nr 2 * Årgang 24

Desember 2020

Innhald:

- Styret har ordet
- Peparkakebyen i bygda
- Julehelsing frå Rugsund Sokneråd
- Nytt frå LIL
- Musikkverkstaden
- Helsing frå Smalsarhorn Skulemusikk
- Helsing frå Rugsund Sanitettslag
- Nye sambygdingar
- Seniordansen – mindre svingom, meir dugnad
- Rugsund Skyttarlag
- Julegrantenning

STYRET HAR ORDET

Lysa i grana på skuleplassen er tent, og omkring i bygda har folk følgt oppmodinga til Helseministeren og tent juleysa tidleg. Det lyser i stille grender!

I eit annleis år held KKU tradisjonen med eit julenummer av bygdeavisa Kolset Tidende. Her kan du lese litt om kva som rører seg i krinsen vår, finne bidrag frå lag og organisasjonar, og helse på krinsen sine nye innbyggjarar.

Det har vore eit spesielt år både for krinsen og for KKU. Oppvekstsenteret var stengt for all aktivitet for bygda fram til oktober, men kjøkenet er framleis stengt. Det er kome nye rutinar for bruk av bygget og vi får no kun bruke møterommet på loftet og klasserommet i søraust til møte.

Nedlegginga av skulen vår har også gjort det til eit spesielt halvår. Borna reiser no til Davik skule med buss, og **busskur** ved byggefeltet for borna som ventar på skulebussen er ei av sakene som KKU har arbeidd med.

Hjertestartaren og satelittelefonen skal flyttast til Kolset Oppvekst. Dette vil blir gjort kring årsskifte.

Gapahuken ved Blålidvatnet har vore det store løftet til KKU i 2020. Vi fekk 40 000 kr i gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og juni vart Gapahuken bestilt. Pga Koronasituasjonen var leveringa forseinka, men i fyrste halvdel av august kunne endeleg dognadsarbeidet starte. I sluttan av august stod bygget klart.

Rima m/familie tok seg av beising av gapahuken i byrjinga av oktober. Tusen takk til alle som har jobba på dognad!

Vi håper bygget blir til glede for mange!



Bu- og bustadsituasjonen i bygda: I byrjinga av desember gjekk endeleg startskotet for utviding av byggefeltet då denne lastebilen med gravemaskin dukka opp på Kolset.

Prøvebuprosjektet går vidare, trass i skulenedlegging og korona. Barnehagen treng ungar og familiar med born anten i barnehagealder eller barneskulealder kan bli med i prøvebu-ordninga. KKU bed om at dei som har bustader for sal eller leige tek kontakt med oss på kolsetkrins@outlook.com.

Jul i Kolset krins: Det vert julekonsert i Rugsund kyrkje, 12.desember, men i år vert denne digital. Julegranene på oppvekstsenteret er det Kjell og Åse som spanderer i år, og det er Kjell og Stig Petter som har fått treet på plass. Dessverre blir det ingen andre arrangement i jula. Med dette vil KKU ønske alle ei riktig

GOD JUL OG EIT GOTT NYTT ÅR!

Peparkakebyen i bygda

Førjulstida er ei tid for å finne på kjekke aktivitetar i lag, medan ein ventar og gledar seg til jul.

Renate nemnde i snakk med Therese ein dag at det hadde vore kjekt å kunne ta med ungane til Bergen og peparkakebyen, men at det i desse tider jo ikkje ville bli snakk om å reise nokon stad. Dermed slo ideen ned i damene: kvifor ikkje lage ein peparkakeby i vår eiga bygd?



Er det ikkje flott? Gardinene til Jorid passa perfekt som snø!

1.søndag i advent samla Therese og Renate born frå bygda i den nye kaffikroken på nærbutikken i Leirgulen. Renate leverte sjøvlaga deig, og det vart produsert tak og veggar i mange ulike variasjonar, det vart steikt og det vart limt. Dei fortel om høg stemning og stor arbeidslyst, og kreativiteten blomstra. Høgdepunktet var sjølvsagt pynting av husa. Frå biletene ser vi at det ikkje var få kilo med non-stop og seigmenn som gjekk med til prosjektet!



Gjengen i arbeid



Kunstnarane med bygda sin eigen peparkakeby

Innimellan slaga slappa borna av med koseleg film og forfriskingar, og mesteparten av dagen gjekk før dei kunne pakke saman. Då sto den mest praktfulle peparkakebyen klar og lyste i mørkret!

Resultatet kan de sjå på butikken, der byen vil bli ståande utstilt i adventstida slik at alle skal få sjå.

Positivt at bygda kan samlast om kjekke aktivitetar no i mørketida!

Gjengen ønskjer bygdefolket ei god adventstid!

MK

JULEHELSING FRÅ RUGSUND SOKNERÅD

Vi går mot slutten av året 2020, året som ikkje vart slik vi hadde sett føre oss.

Året har vore prega av pandemi og smittevernsreglar, noko som og har påverka kyrkjelyden vår.

Soknerådet har igjennom året likevel fokusert på moglegheitene framfor begrensingane og har hatt jevnleg aktivitet gjennom heile året, sjølv om det har vore ein annleis aktivitet.



Då samfunnet stengde ned i mars vart sokneråda oppmoda om å ringe med kyrkjeklokkene kvar Laurdag for å ringe helga inn. Kvar laurdag fram til 15. juni ringde soknerådet helga inn, stillheita skulle brytast som eit teikn på håp samstundes vise at kyrkja var til stades for folk.

Kyrkja fekk opne for gudsteneste igjen i juni månad og vi har sidan fått halde dei forordna gudstenestene. Ekstra kjekt i år er at vi har hatt 3 barnedåpar i Rugsund Sokn. Vi har og hatt konfirmasjonsgudsteneste og utegudsteneste på Rugsundøy med kyrkjakaffi.

Allehelgensdag hadde soknerådet opa kyrkje og gav høve for å tenne lys, be ei bøn eller at ein kunne sette seg ned og minnast sine kjære.

No går vi mot julehøgtid og kyrkja forvaltar bodskap og verdiar som gjer at folk har forventingar til oss i jula. Diverre er det framleis strenge smittevern reglar og begrensinger som gjeld, og soknerådet har på bakgrunn av dette valt å avlyse gudstenesta julafstan. Julekonserten vert i år digital.

I jula gjer vi det slik vi gjorde i fjar og i alle år før det. I år kan vi ikkje gjere det slik vi har brukt å gjere, men det skal bli fint likevel. Helseminister Bengt Høie ber oss tenne lys i mørket. Og det skal vi sjølvsagt gjere.

Vi kjem til å legge ut informasjon om korleis du kan sjå og høre julekonserten frå kyrkja vår på nett på Facebook sida til Rugsund kyrkje. Om du ikkje har tilgang til Facebook eller nett ta gjerne kontakt med Irene Storøy 90883693 eller leiar i soknerådet Audhild Storøy 97519454 so hjelper vi deg meir en gjerne.

Det blir få gode juleklemmar i år, men det er enkelt å vise vennar og kjende at du bryr deg om dei. Ta ein telefon, send ein blome eller SMS. Det er ein kristen handling å vise omsorg for kvarande. Difor oppmodar vi til å vise omsorg og å følgje styresmaktene sine råd.



Rugsund sokneråd ynskjer alle ei riktig God Jul!

Nytt frå Leirgulen idrettslag

Fjelltrimmen:

I år gjer vi ein ny vri ved annonsering av vinnarane av fjelltrimmen 2019. Leiar Eva H. har allereie vore ute i felten og overrakt premiar til desse, og resultata ser de her. Det er eit imponerande resultat! Både unge og eldre har virkelig tilbrakt mykje tid ute i dei flotte trimløypene vi har her i kretsen!

Vi let oss spesielt imponere over den sambygdingen som sit att med flest poeng ved oppteljing. Vi let tala snakke for seg sjølve 😊

Senior:

- 1.plass: Turid Olsbø: 407 poeng
- 2.plass: Bjørg D. Lofnes: 131 poeng
- 3.plass: Solfrid L. Kolseth: 61 poeng



Vaksne:

- 1.plass: Audhild Storøy: 162 poeng
- 2.plass: Siv Holmøy: 143 poeng
- 3.plass: Kjell Leirgulen: 100 poeng

Barn:

- 1.plass: Tilja Bortne
- 2.plass: Noah Leirgulen
- 3.plass: Robin Leirgulen

Desse har motteke gåvekort frå sportsbutikken Chatlet.

Magnus og Olav, begge med etternamn Lofnes, har lagt bak seg mange kilometer på fjellet i året 2019, dei har faktisk vore innom alle fjelltoppane i området. Tør vi gjette at dei har ein god turkamerat i besta Bjørg? Uansett, desse spreke brørne vil motta ein velfortent premie for innsatsen!

4 vaksne turgårarar har også vore innom alle fjelltoppane. Desse er Turid, Bjørg D.L, Kjell L. og Dagfrid L. Styret har trekt ut ein tilfeldig vinnar av eit gåvekort a kr. 500,- , og den heldige denne gongen vart Bjørg.

Elles vil **alle** barna motta medalje for sin innsats i løypene. Desse vert delte ut ved seinare anledning. **Vi gratulerer alle med flott innsats!**

Trim og covid 19:

Dette trimåret har vore prega av covid 19. No i haust har ein likevel kunne ta oppatt ein del aktivitetar. Både herretrimmen, dametrimmen og barnehagetrimmen er aktive i gymsalen, medan barneskuletrimmen har valgt ei alternativ løysning, og held seg utandørs. Her er eit biletet frå årets juleavslutning, som vart feira med grilling og varm drikke.

Grasrotandelen

Du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget – og dermed kome tiltak i nærmiljøet ditt til gode. Vårt org. nr. er 986124691.

Musikkverkstaden

Telefon: 41268638

E-post: run-lei@online.no

Nok eit år går mot sin slutt, og tradisjonen tru har Musikkverkstaden øvd inn eit variert repertoar for den årvisse julekonserten i Rugsund Kyrkje. Den eldste gruppa med ungdomar frå ungdomsskulen og vidaregåande skule, med god hjelp av Kristine Solvang. Og den yngste gruppa frå barneskulen, under kyndig leiing av Roy Cato Edvardsen. I år vert julekonserten, ~~streama~~/filma og lagt ut på internett, slik at alle kan få oppleve den.

Året som har gått, har vore krevjande på mange måtar, og ~~Musikkcafeen~~ vi skulle ha i April måtte vi dverre avlyse. Synd for dei unge, men også synd for dokke som skulle vore publikum, og som gjekk glipp av ein fantastisk konsert. Men vi satsar på at til våren er vi tilbake på sporet igjen, med ny ~~Musikkcafe~~, viss vaksinane er på plass og R-tala er lave.

I vår fekk vi nytt lokale, med mykje bedre plass til både folket og utstyret vårt. Etter fleire års ~~bearbeidning~~, fekk vi omsider overta det gamle biblioteket sitt lokale, i enden av Oppvekstsenteret. Her har vi god plass og eigen inngang, og når gardinene kjem opp so kan ein øve heilt usjenert.

No er det slik at utan unge, som vil vere med å delta, so dør tilboda våre ut her i bygdene våre. Vi er i dag 3 frå barneskulen og 4 frå ~~undomskule/vgs~~, som er aktive i Musikkverkstaden. Dette er bra, men vi har plass til fleire, som ynskjer å spele eit instrument eller synge. Det er berre å ta kontakt med underteikna, Kristine eller Roy Cato.

Og so har eg ei lita oppfordring til dokke som blitt (godt) vaksne; det hadde vore veldig stas om dokke og kunne samlast her hos oss, og øvd litt. Husleiga, ja den er symbolisk ☺.

Til slutt vil eg på vegne av styret få ynskje dokke alle ei riktig god og fredfull Jul og eit godt (og musikalsk) nytt År.

Rune Leirgulen
-Leiar-

Resten av styret er:
Irene Storøy, Anita Storøy Bortne, Magnus Almenning
og Marie ~~Laugerud~~.



Kjære bygdefolk ❤

Det har vore eit annleis år, også for oss i Smalsarhorn Skulemusikk. Vårt motto er «det er folkehelse i kvar ein tone». I denne nye og annleise kvardagen, der mange har blitt meir einsame, er det musikalske samværet viktigare enn nokon gong.

Som mange veit har vi sidan i fjor haust spelt ilag med Ålfoten/Davik. Johnny Sælemyr er blitt vår faste dirigent. Dette samhaldet og samarbeidet har, sjølv i ei utfordrande tid, blomstra og gitt inspirasjon til både store og små.

Vi er svært takknemlege for at Johnny vil køyre fra Florø, kvar måndag for å øve med oss. Han har auka engasjementet og korpsentusiasmen i bygdene våre og såleis bidreg til at 3-4 bygder oppretthalde korpset i bygda si ❤



Vi er opptatt av tryggleik og smittevern, både for oss musikantar men også med omsyn til bygdene vi bur i. Det er eigne smittevernrettleiarar for korps for kunne oppretthalde øvingar. Vi har gjennomført øvingar i september, oktober og november. På grunn av auka smitte rundt oss i andre byar/kommuner, har vi vald å avvente med øving til over nyttår. Såleis kan vi bidra til få tilbake kvardagen vår, raskare.

Vi saknar å opptre for bygda vår! Søndag 22. November var vi så heldige å få spele til tenning av julegrana ved Kolset Oppvekst. Det er godt mogleg de vil høre oss spele ved butikken i løpet av desember. Ver og vind, vil avgjere det.



Vi i Smalsarhorn Skulemusikk vil ynskje alle ei god adventstid ❤

Glimt frå Smalsarhorn-året 2020

Korpset spelte ved kyrkja 17. Mai. Det var ekstra stas å få kle på seg uniforma og spele nasjonalsongen, dette året ❤️



Å gjere stas på borna og ungdomane i SSM, blei ei viktig investering dette året. Dei yngste fekk «blåtur» til butikken, der dei kjøpte «alt dei ville», for deretter å ende på Gloføyke til bading, spelning, grilling, leik og moro.

Vi var skjønt einige om at vi treng ikkje dra langt av gårde, når vi kan ha det så fint ilag heime.



Dei eldste i korpset, fekk ein meir spektakulær blåtur. Vi leigde RIB båt frå Oldeide, var innom Vetvika, Grotlesanden, stopp på Knutholmen der dei fekk servert pizza før vi drog heim via Frøysjøen. Ein stor fornøyelse å få glede ein slik flott gjeng med ungdomar.



Her ser De aspirantane våre ❤️

Rugsund Sanitettslag helsar bygda vår

Vi ser tilbake på eit koronaramma år i Noreg. Noko som har sett frivillig aktivitet ut av spel. Rugsund sanitetslag har teke Fokehelseinstituttet sin oppmoding på alvor og følgt smittevernreglane. Vi såg det riktig og avlyse vår årlege basar i september.



Skulelunsjen som var bestemt på våren, fekk vi klarsignal frå rektor ved Kolset oppvekst om å gjennomføre ved skuleslutt 18. juni 2020. Dette vart ein heilt spesiell dag. Uff, ikkje noko kjekt! Det var siste dagen med skuleelevar på Kolset oppvekst. Sanitetten består, og kan vere ein bidragsytar i lokalsamfunnet vårt fram i tid.

Sentralt set vi fokus på kreftsak og psykisk helse. Regionalt arbeider vi for kriesenteret i Florø og lokalt for at omsorgsberedskapen skal vere optimal i krinsen vår. Dette året har vi arbeida mest med innkjøp av matriell til omsorgsberedskapen. Grunna Covid.19 har vi hatt lite samlinger og lite planarbeid i omsorgsberedskapsgruppa.

27. oktober lånte vi møterom på Kolset for å gjennomføre webinar om smittevern i regi av Norske Kvinners Sanitetsforeining, der 7 av medlemmane våre møtte.

Sanitetten deltok med 2 medlemmar i Husstyret sin årlege dugnad og er med i leiarmøte på hausten for bruken av gren dahusdelen ved Kolset.

Nyfødde i krinsen vår får badehandkle i gáve frå Rugsund Sanitettslag med velkomsthelsing. Alle pensjonistar får blomsterheling ved runde dager frå fyllte 80 år. Siste året har vi gitt gáve til innkjøp av utstyr til Rugsund kyrkje.

Rugsund Sanitettslag ønskje kvar og ein i alle heimar ei fredeleg god jul.
Og med eit ønske om at 2021 vil normalisere seg igjen!

Med helsing Rugsund Sanitettslag
Eldrid Eli Strømmen
-leiar

Nye sambygdingar i huset til Sven Jørgen

Sigurveig Iris Olafsdottir (32), Kim Andre Viktum Brusegard (33), Rebekka (2,5) og hunden Nala (8) er flytta til Rugsund, og Rebekka er byrja i barnehagen i Kolset. Gjennom Kolset Tidende kan alle bli litt betre kjende med den nye familien.

Iris, som er namnet ho vel å bruke, er systera til Eva på Lofnes. Dei er fødde på Island, og både mor og far er islandske. Dei budde på ein stad som heiter Borgarbraut, ca 1,5 t med bil frå Reykjavik, der faren hadde snikkarfirma. Fordi han var interessert i lafting, hadde han lyst å lære denne teknikken skikkeleg, og derfor flytta familien til Norge og Setesdal då Iris var 7 år. Såleis vart det både barneskule og ungdomsskule i Setesdal.



Seinare flytta familien til Nordfjordeid, og Iris gjekk på vidaregåande der, men før det gjekk ho på folkehøgskule i Tromsø. Linja heitte friluftsliv og hundeslede, så det vart mange turar med hundespann og opphold i lavvoar. Klasseturen gjekk til Svalbard der dei køyrd rundt med hundespann. Dette året var fantastisk, og ho har veldig gode minne frå opphaldet i Tromsø.

Etter vidaregåande tok Iris ambulansevikarkurs og hospiterte på både ambulanse og sjukehus. Ho hadde lyst å jobbe innan helse, men gjennom åra har det blitt mange ulike jobbar. Ho er no reinhaldar i Vest Industri, men har i tillegg vore på oppdrag hos Vest Vei og Anlegg. Då dirigerer ho trafikken når det er vegarbeid, og ho har køyrt følgjebilar i tunnelar. Det har ho gjort både i Bortnetunnelen og i Skatestraumtunnelen.

Kim Andre kjem frå Vik i Sogn og har budd fleire år i Bergen. Bylivet var litt for stressande, og då han fekk arbeid på Eid, flytta han dit. No jobbar han på Jysk. På Eid vart han kjend med Iris, og i fjar i desember fridde han og fekk ja. Dei er forlova, og bryllaupet kjem kanskje til å stå på Island. Mor til Iris bur framleis på Eid, men far er flytta til bake til Island. Der bur storebroren og med kone og tre barn, så når koronakrisa er over, blir det nok tur til Island. På spørsmålet kvifor dei valde å flytte til Rugsund, svara Iris at det var fleire årsaker.

Leiligheta på Eid var for lita, og dei såg seg om etter noko større. Då Eva høyrde det, byrja ho å snakke om kor kjekt det hadde vore om familien kom nærmare. Rebekka og Emma Kristine er like gamle, og dei kunne gå i same barnehage og vekse opp nær kvarandre. Ei anna årsak var at Kim Andre likte seg så godt her. Han elskar å fiske og å vere i naturen. Då dei fekk vite at huset til Sven Jørgen stod tomt, og han ville leige ut, vart avgjerda teken.

Iris likar og å vere i naturen, men har litt skrekk for sjøen, så fisking er ikkje noko for henne. Ho har strikking og baking som hobbyar og fotograferer gjerne. Tidlegare spelte ho tverrfløyte, så kanskje kan ho bli medlem i Smalsarhorn med tida. Alt tyder i alle fall på at dei blir verande her i krinsen vår, og det er nettopp tilflytting av unge familiar vi ønskjer oss. Vi seier hjerteleg velkomne og håper at dei vil trivast ilag med oss.

Seniordansen: Endå mindre svingom - mange dugnadstimar

Vi håpte at sommaren skulle ta knekken på koronaviruset, slik at vi kunne danse som normalt frå hausten av. I staden auka smitten igjen i haustmånadene, og vi måtte igjen setje dansen på vent. Dugnadsarbeid på turstien i Blålida kunne komiteen og nokre til halde fram med.

Learen vår, Brita, sende ut e-post til medlemmene, og midt i oktober møttest vi i gymsalen for å samtale om vegen vidare. Smittevernreglane vart følgde, og det var veldig kjekt å sjå kvarandre att, men mange sa frå at dei ikkje ville komme på dansekeldar før nyttår.

Danseleiarane hadde førebudd nokre linedansar som vart prøvde. Då står ein på rekker, og ein kan ha god avstand i alle retningar. Vi prøvde og nokre ringdansar utan å halde i hop, og begge desse dansetypene er derfor «koronavenlege». Ein liten flokk vart då einig om at vi kunne møtast til vanleg tid i partalsveker og øve slike dansar. Til no har vi hatt tre slike kveldar, for vi synest det sosiale er veldig viktig. Under kaffiøkta sit vi i ring med ein meter mellom stolane, og reinhaldet er heilt «etter boka».

Slik det ser ut no, blir det nok ikkje vanlege dansekeldar før eit godt stykke ut på nyåret, men linedans og ringdansar, utan å halde i hop, kan vi halde fram med. Det er eit stort sakn ikkje å kunne møtast slik vi har gjort dei siste ni åra.

Turstien var vi komne langt med før 17.-maiutgåva av Kolset Tidende, men det var meir som skulle gjerast. Vi fann endå fleire flate steinar som vart lagde ned på våte stader, men viktigast var det å lage klopper over der det var ekstra vått og ulendt.



Desse kloppene viste seg å vere glatte når dei var våte, så no er der komne lekter som hindrar at ein glir. Olav har gjort mykje med stien innover frå Gildreneset, så der er no godt å gå. I tillegg er der klopp med rekkverk over elveløpet nærmast kraftstasjonen.



Noko som gjer turstien endå meir attraktiv, er eit rasteplassbord på tomta til Arild, gruve og grill på tomta til Johan og den fantastiske gapahuken som KKU har skaffa. Han står nesten i enden av vatnet, og han er utruleg flott.



Det er svært mange som har brukt stien denne sommaren og hausten, både lokale og tilreisande. Vi har fått mange gode tilbakemeldingar frå både kjende og ukjende. Dei som ikkje likar å gå på asfalt, går fram og tilbake på stien, medan andre synest det er kjekt å gå rundt vatnet og bruke vegen tilbake. Seniordansen takkar alle som har vore med og jobba, og vi håper stien vil bli mykje brukt. Det kjem nok fleire forbetringar etter kvart.

God jul til alle leesarane frå Seniordansen.

Rugsund Skyttarlag

Tysdag 27. oktober delte Sparebanken Vest ut pengegåver frå overskotet sitt til lag og organisasjonar i nærområdet.

Rugsund skyttarlag fekk tildelt 25 000 kr, og kasserar var på plass under utdelinga i banken sine lokaler på Eid. Pengane vil komme godt med til planlagt anleggsarbeid på 200-meters bana til våren. Tanken er å starte med å oppgradere vegen inn til skivevollen. Framdrifta mot ferdig 200 m bane er sjølvsagt avhengig av økonomien i laget og dugnadsinnsatsen blant medlemmane våre.



100-meters bana vart vi så godt som ferdige med i vår, men ein sikkerheitsinspeksjon i haust avdekkja småjusteringar som må gjerast for å møte dei strenge sikkerheitskrava. Styret la ned mykje arbeid med søknader om prosjektmidlar og sponsorstøtte til dette arbeidet, og vi er svært takknemlege for støtta vi har fått:

Bremanger kommune	25 000 kr
SFE	15 000 kr
Sparebankstiftinga S&Fj	10 000 kr
MOWI lokalt	8 000 kr

Styret takkar og våre faste sponsorar; SFE, Toyota Nordfjord, Våpenloftet, Ferstad installasjon, Eid Bruk og Sætren med viktige bidrag. Vi rettar og ein stor takk til dei medlemmane som har stilt på dugnadsarbeid og håpar dugnadsinnsatsen blir endå større til våren!

Per Inge Solvang og Jan Inge Nygård har no takka for seg etter "lang og tru teneste" i styret som leiar og nestleiar. Dei har lagt ned stor innsats over mange år og fortener stor takk!

Styret 2021:

Per Kristian Elde	leiar
Geir Aardalsbakke	nestleiar
Håvard Lofnes	kasserar
Harald Skaar	sekretær
Emil Forsberg	styremedlem

JULEGRANTENNING PÅ KOLSET

Foreldre, barn og tilsette i barnehagen vil takke alle som kom og var med på den tradisjonelle julegrantenninga søndag 22. november. Sjølv om tida vi er i hindra oss å gjennomføre mange av dei gode treffa vi brukar å ha rundt juletida, så er vi takknemlige for at vi kunne møtast denne ettermiddagen.

Stor takk til SSM som stiller opp kvart år og gjer stunda så stemningsfull med fine juletonar, KKU som ordnar med julegran og Leirgulen Handel som sponsar oss med julegløgg og pepperkaker.

Det kom inn kr. 970,- til barnehagen.

For Kolset barnehage
Astrid E Olsbø



Grasrotandelen

Husk at du kan støtte KKU ved å registrere deg via tippekortet når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til oss. KKU sitt formål er å fremje positiv utvikling i krinsen. Vårt org. nr. er 990507201.